

KYRKJEBLAD

FOR
DAVIK

Nr. 132	Kjem ut kvar måned	Oktober 1941	Utgjevar og redaktør: Prost Slaattelid Davik	12. årg.
---------	-----------------------	--------------	--	----------

Mor.

Eg veit eit namn og det er mor,
det beste namn som fins på jord.
Det stillar stormen i min barm
og gjer meg liten, mild og varm.
Det døyver tvil og sorg og sut
so vert eg atter mor sin gut.

Ja, dette namn har heilag klong,
det er på jord min beste song.
Når striden vert meg tung og sår,
i minne fram til mor eg går. —
Eg ser tvo augo lyser blidt
og varmar sælt i hjarta mitt.

Sitt heile liv ho ofra her
for heimen som ho hadde kjær.
Ho kjærleik synte kvar ho fór
— i livet, ei med store ord.
Nei, her var kjærleik heil og sann,
slikt hjartelag eg aldri fann.

Ho aldri kravde takk og løn.
Men vart ho troyt, ho gjekk i bon
til Han som ser dei frugne, små,
som støtt på rettferds vegar gå.
Her fann ho kraft til all sin strid
og hjelp å vera god og blid.

Og um ditt namn var lite kjent
og aldri stod i blad på prent,
ditt namn er no hjå deira tal
som lyser vænt i høgheims sal.
Til ævleg tid i sæla klår
du sigerskransen bera får.

Når einsam, sliten, troytt eg står,
då minni straks til mor dei går. —
Då stilnar stormen i min barm,
for mor sitt minne gjer meg varm. —
Og vert min livsdag lang hell' stutt,
Gud lat meg móta mor tilslutt!

A. G. Hølsen.

Seirende lidelse.

Lidelse vil jo egentlig si det motsatte av seier. Det betyr å ligge under for en makt som er en imot og gjør en ondt, men som

en må tåle, fordi den er sterkere enn en selv.

For menneskelig betraktning tar også Jesu lidelse seg slik ut. Motstanderne ble ham for sterke. Han måtte lide, måtte finne seg i deres grusomme atferd.

Og likevel er det ikke så. Intet menneske kunne ha tvunget ham inn i pine og død. Og ingen djevel hadde makt til å tyrannisere ham. Ved inngangen til lidelsen sier han det selv bent ut: »Derfor elsker Faderen meg, fordi jeg setter mitt liv til for å ta det igjen. Ingen tar det fra meg, men jeg setter det til av meg selv. Jeg har makt til å sette det til, og jeg har makt til å ta det igjen.» (Joh. 10, 17—18).

Slik går Jesus inn i lidelsen, — ikke som en stakkar som må bite i gresset; ikke som en martyr som mener det så godt, men dessverre bukker under, men som Herren over liv og død, som i lydighet mot sin Far og i kjærlighet til sine brødre, vil gi sig hen, og som nettopp på den veien som fører sin sak til seier!

Trin for trin kan vi følge ham i hans seirende lidelse.

Da stridsmennene kom for å gripe ham, falt de maktesløse til jorden bare han gav seg til kjenne for dem. (Joh. 18, 6). Men han lot seg fange.

Da Peter vil gripe til sverdet for å verge sin mester, forsikrer Jesus at om han ville, kunne han av sin Far utbe seg en livvakt på tolv legioner engler. (Matt. 26, 53). Men han utleverer seg selv.

Da hans dommer prøver å skremme ham med at han har makt til å gi ham fri og til å korsfeste ham, får han høre: »Du hadde ingen makt over meg, hvis det ikke var gitt deg ovenfra.» (Joh. 19, 10—11). Men Jesus lar seg dømme av Pilatus.

Mens han henger på korset, hever han seg

til himmelhøi seier over ethvert hat som lidelsen frister ham til, idet han ber: »Far forlat dem, de vet ikke hva de gjør!«

Og da de mener at de endelig har fått bukt med ham, roper han ut sitt siste og største triumf: »Det er fullbrakt!«

Fullt åpenbar blev Jesu seier da han stod opp fra det døde. Men når han kunne stå opp, så var det fordi hele hans liv og lidelse hadde vært en eneste seier. Derfor var det ikke mulig at døden kunne beholde ham i sin vold. (Ap. gj. 2, 24).

Denne *seirende* lidelse er det som gjør Jesu lidelse til en *frelsende* lidelse. En martyrs død kan vekke medynk hos oss, gripe og ildne oss. Men frelse oss kan den ikke, fordi martyren er like avmektig som alle oss andre. Men Jesus kan frelse. Fordi han er Guds mektige sønn, som lider av fri vilje og i egen makt.

Rektor Smemo.

En bekjennelse.

Ivan Oljelund, den tidligere kommunist og fritenker, bekjenner i boken »Med stort G« sin overgang til den kristne tro. Fra denne eiendommelige og tankevekkende (svenske) bok er nedenstående linjer hentet.

Det er ikke sant, at mennesket har mistet sin udødelige sjel. Enhver, som søker sjelen, finner den og hans hjerte sier at han har funnet sin evige sjel. Den penn hvormed jeg skriver dette, skal for alle tider være slått ut av min hånd, og min sjel dekket av det dypeste mørke, hvis ikke det, som jeg har sagt, er sant. Det er sannhet. Det åndelige er alle tings ytterste og evige grunn.

*

Det er ikke sant at evighetens liv ikke er til. Den som har funnet sin udødelige sjel og mottatt svaret ovenfra, den som uten frykt for evigheters evighet har *valgt* evigheten, han har en uendelig trygghet. Døden og forglemmelsen skremmer ikke ham. Men den, som ikke i forveien forstår dette, forstår det heller ikke nu. Dog — i evighet står det fast.

*

Det er ikke sant at »allting flyter« — at der ikke gis noe virkelig fast i livet. Det er sant, at menneskets liv er skrøpelig og

skjørt og bratt kan endes, det er sant, at menneskelige meninger skifter og at tanker forgår, at riker legges øde, ja at selve jorden åpner seg under våre føtter og oppsluker oss med alt hva vi har i hendene. Men det er urokkelig visst, at det sanne er sant og det rette rett; det står i evighet fast, at det gode er godt og det skjønne er skjønt. Der finnes noe som er fast og sikkert og uforanderlig, og dette absolutte peker mot noe annet absolutt og uforanderlig: Gud.

*

Det er ikke sant, at der ikke er noen mening i livet. Sannheten er bare den, at alt for mange mennesker kan leve uten en mening. Det tilkommer ikke meg å dømme herom. Jeg vet bare, at den som ikke kan leve uten en mening, uten et høieste, i evighet bestående svar på sitt vesens gåte, den som var viet til undergang, om han ikke lærte å kjenne livets mening med ham — (og det er kun det spørsmål den enkelte har å svare på) — jeg vet bare, at den som på den måte er under tvang, han finner meningen. Ti ennu har det aldri hendt, at noen virkelig har hungret og ikke er blitt mett, at noen av hele sin sjel har søkt sannheten uten å finne den. Det er bare det som er det avgjørende: av hele sin sjel.

Det er ikke sant — endelig — at opplysningen, dannelsen, videnskapen legger hindringer i veien for at mennesket kan erkjenne og lyde sin skaper. Ingen, som er dannet, opplyst og kunnskapsrik, forneker av den grunn sin far. Men hvis en sønn forneker sin gamle far for sin opplysning og dannelses skyld, er han hverken forstandig eller opplyst, men unaturlig, feig og en slave av menneskefrykten. Således leder opplysningen, når den er sann, ikke bort fra men like hen til Gud; det samme gjelder videnskapen.

Det er vår feighet, som er hindringen, vår frykt for vennene og andre mennesker og så vår lille hverdagssikkerhet, som dog ynkelig forsvinner i prøvelsen og forsvinner som en røk på dødsleiet.

Merker jeg kanskje ikke just nu selv en fristelse til å fornekte den evige Fader, når jeg tenker på alt det som venter mig heretter blant menneskene — en fristelse til å gå bort fra hans ansikt, gå bort ett eller

annet sted med min sønderrevethet og ufred?
Nei, la alle andre sole seg i sine lyse smil
når de er sammen, og fortæres i angst, når
de en og annen gang er alene, jeg vil prøve
å bli et helt menneske, med ro i sjelen og
fred i hjertet, vidnende om, at der finnes dog
noe, som er evig.

Jesus, kjærlighetens kilde.

Jesus, kjærlighetens kilde,
du til jorden fødtes vilde
for å frelse oss av nød,
ja fra dom og evig død.

Synden såret har vårt hjerte,
bragt oss sykdom, sorg og smerte.
Jesus, takk fordi du kom,
bragte fred og lækeDOM.

Over alle usle, arme
vil du alltid deg forbarne,
ømt for dem ditt hjerte slår,
ennu hjelpe du formår.

Jesus, du har nok for alle
som i tro på deg vil kalle.
Kjærligheten er så stor,
favner om hver sjel på jord.

Mätte alle sjele vende
sig til deg som hjelp kan sende.
Du som gir oss håp og fred,
evig liv og salighet.

M. B.

Notisar.

For 100 år sidan. Døde: 13. okt. 1841 Knud Jochimsen Krabbestie, gaardmand, 40 aar, og Jørgen Rasmussen Krabbestie, gaardmand, 33 aar. »Druknet, ikke gjenfundne.» — **Ektevigde:** 4. okt. enkemand og husemand Anders Johnsen Hundvig, 48 år, og pige Christiane Torem, 23 år, dtr. til Tollef Larssen Torem.

Utvandra til Amerika frå Davik. 1883: Anders Eriksen Berstad, Marie Iversdtr. Vik, Marthe Olsdtr. Lefdal (Simon Ellingsens kone) med 6 born, Jesper Jensen Aasenes, Martines Absalonsen Syrheller med kona Ingeborg Bentsdtr. og 3 born, Hans Rasmus Kolsæter, Anne Jakobsdtr. Bortne, Kristian Martinessen Mettenes, Johan Eliassen Isene. — 1884: Nils Nilsen Myklebust, Andrine Martinesdtr. Mettenes, Marie Pedersdtr. Førde, Jørgine Johansdtr. Isene, Klaudine Muri (Bortne), Dorthea Muri, Johanne Hansdtr. Skarsten (Bortne), Rasmus Hansen Skarsten (Bortne). Ole Jakobsen Bortne, Mons Enoksen Lisæter, Jørgine Rasmusdtr. Verpeidet, Abraham Martinesen Dommesten, Reiel Antonsen Indre-Davik med kona Johanne Nilsdtr. og 4 born, Kristiane Jørgensdtr. Indre-

Davik, Pernille Jørgensdtr. Indre-Davik, Oline Iversdtr. Dommesten (kona til Andreas Iversen, tidlegare utvandra). — 1885: Severin Simonsen Homborstad, Kristianne Steffensdtr. Lefdal, Ole Hansen Aardal, Valborg Abrahamsdtr. Liden, Valborg Rasmusdtr. Daviknæs, Abraham Rasmussen Daviknæs, Kristen Rasmussen Daviknæs, Oline Rasmusdtr. Horn, handelsmann Paul A. Roti med kona Synneve Jakobsdtr. og 3 born, Kari Jakobsdtr. Blaalid, Jørgen Johansen Isene.

Til Nasjonalhjelpen er kome inn: Ved sal av nåler: Torheim 10 kr., Elde 6, Levdal 8, Endal 10, Alfot 26, Isane 9, Rugsund 35, Kjølisdal 15, Davik 26, Dombestein 6, Maurstad og Rimstad 63, Haus 5.— **Merke:** Rugsund, Alfot, Kjølisdal 10, Davik 5,85, Husevåg 5, Haus 1, Maurstad og Rimstad 27,85. — Tils. kr. 288,70, som er sendt til Nasjonalhjelpens Vestlandskomite, Bergen.

Døypte: 24. aug. Ingrid, f. 17. juni av f. Anfinn Larsson Lågeide og k. Oline Nilsdtr. (f. Klubben). — 28. aug. Helge Iohan, f. 3. april i Bergen av f. Jøn Bruvoll og k. Klara (f. Brosvik). 31. aug. Per, f. 3. aug. av f. Kristen Hansson Hamre og k. Helene Rasmusdtr. (f. Risøy). — S. d. Ashjörg Helga, f. 20. juli av f. Mons Olsson Totland og k. Ragnhild Andersdtr. (f. Hilde). 14. sept. Hakon Bernhard Kjell, f. 25. mai av f. Bernt Knutsson Dombestein og k. Hilda Nilsdtr. (f. Bakke), 21. sept. Solbjørg, f. 2. sept. av f. Otto Sjursson Haukås, Hamre, og k. Gudrun Rasmusdtr. (f. Maurset). — S. d. Jakob Vilhelm, f. 20. aug. av f. Hans Pedersson Isane og k. Ragna Jakobsdtr. (f. Hopland).

Ektevigde: 13. sept. Hakon Thuen og Anna Martinusdtr. Strømmen. — S. d. John Albertsson Benæs og Gerd Menzies. — 23. sept. Ingvald Paulsson Oldeide og Anna Johansdtr. Svoren.

Gudstenester:

20. sund. etter treein.,	26. okt.: Alfot.
Bededag	31. okt.: Rugsund.
Helgammessesundag	2. nov.: Totland.
22. sund. etter treein.,	9. nov.: Davik.
23. sund. etter treein.,	16. nov.: Alfot.
24. sund. etter treein.,	23. nov.: Kjølisdal.
1. sund. i advent	30. nov.: Rugsund.

Kvittering for kontingent: Kristian Daviknes, Johanna Midtbø, Josef Elde, B. Berge kr. 2,50. — Kornelius Sandal, Andreas Angelshaug, Hans J. Lefdal 3. — Alette Hunvik, Anton Dombestein 1. S. Dybedal, Brita Kolset, Endre Olsbø, N. N., Andreas A. Vik 5. — Anders Eldevik, Matilde Vennemsvik, Iver Kassen, Anna Furenes 2. - Tils. 54 kr. Hjarteleg takk til alle.



Våre døde.

10. sept.: Isaline Andersdtr. Leirgulen, kårkone, f. 1856 i Hestevik; alderdom.

**I vår sidste Time,
paa den yderste Dommedag,
hjelp os, kjære Herre Gud.**

Soga om Saul frå Tarsus.

(Framhald).

IX.

Sju år er gått — sju lange år. Lat oss atter tenkja oss hustaket i Tarsus ved solar-glad. Saul sit der åleine og urørleg med andlitet mot nord. Det må ha vore ein kjærleg heim som gav han rom i desse sju åra. I denne tida i teltduk-fabrikken, medan han tilsette nye arbeidarar, passa på at alt gjekk som det skulde og førde reknskap, brukte den bleike, magre sonen i huset den kraft som Herren gav han, til å drepa sitt eige eg og gjeva seg heilt over til Guds vilje. Han kjende seg som den ringaste av disiplane.

Det var år fulle av fred, for han var alltid med Jesus. Han gjorde store framstig i det mystiske liv med Gud, for det var i denne tida han hadde det store synet som han nemner i 2. Korintierbrev, då han vart borttrykt til den tredje himmel og hørde uutseielege ord som eit menneske ikkje har lov til å tala.

Men det hadde hendt noko viktig i desse sju åra. Det var gjort klårt for Peter i Cæsarea at Guds rike stod ope for heidningane likså vel som for jødane. Og då Paulus no sat på hustaket, var augo hans vende nordover mot dei kilikiske portane, det fjellskaret som førde til ei verd som aldri hadde høyrte om Jesu namn, og han tenkte på at Stefanus som kunne ha bore det ut over jorda, låg i si grav i Jerusalem, og han sjølv hadde med blodsulka hender vore med og lagt han der.

»Saul!« »Barnabas! Drøymer eg?« — For ein mann var komen opp troppa på utsida av huset, og Saul hadde armane åt sin barndomsven ikring seg. »Saul, kyrkja kallar deg. Saul, du må koma, kyrkja kallar deg til Antiokia. Sjå hin vegen.« Og dei to venene står og ser mot sudaust over den vide tarsiske sletta mot horisonten og havet. Og så fortalde Barnabas: »Saul, då du gjekk i gang og skulle øydeleggja kyrkja, jaga du ein stor flokk læresveinar bort til Antiokia. Ingen stad i verda er verre enn Antiokia. Den store heilagdomen der, Dafnelunden, er så skamlaus, at ein seier om alle sedlause menneske at dei er Dafne-folk, og når satirikane i Rom laster på byen sin, seier

dei at vatnet frå Orontes, elva ved Antiokia, renn ut i Tiber. Men fylgja er at mest alle bra heidningar i byen har vendt seg til Israels gud. Store mengder som ikkje kjenner lova, tilbed Abrahams gud. Desse folk kjem no til oss og bed om å få verta opptekne i kyrkja. Då Peter døypte Kornelius i Cæsarea, gjorde den Heilage Ande det klårt for kyrkja at vi kan ta imot dei, men ein masseovergang av desse svært ukunnige menneske er ein vanskeleg ting, men vanskane vil verta løyste, for den åndelege kraft hjå disiplane i Antiokia er stor. Ingen stad er der så mykje tungetale og profetering og læking av sjuke. Der er mange profetar der, og den Heilage Ande talar gjennom heilage menn. Dei tolv apostlane er ikkje komne til Antiokia. Dei vil at dei yngre skal ta arbeidet her, og dei har sendt meg som sin sendemann med fullmakt. Saul, det er dette som Herren har tenkt deg til — du er mannen, du lyt koma.«

Ei av dei beste handskrifter til Apostelgjerningane seier at Saul drygde før han tok si avgjersle, men han gjekk tilslutt. Ein eller to dagar seinare gjekk han i land frå elvebåten på Orontes og hadde eit merkeleg syn framfor seg.

X.

Antiokia. Ein sogeskrivar skildrar byen slik: Det var ei uhøyrd samling av snytarar, bondefangarar, skodespelarar, tryllekunstnarar, trollmenn, religiøse bedragarar. Ein by full av kapplau, leikar, dansar, opptog, festar, grenselaus luksus. Det store torget var som eit teater, og på det strøymde att og fram frå morgon til kveld eit folk, som var tomt, tankelaust, ustadigt, lett oppøst, som elska viser og spottevers og vitsar og vågsame skamløyser av alle slag. Det var som draumen åt ein opium-etar, ein straum av vill njotingssyke, fullkome uttenkt og fint maskera.

Det var midt i denne draumen åt ein opium-etar at kyrkja byrja si sigersferd. Det var på dette herlege torget, med søylerader frå ende til ende, med blomeseiger og allear, med bilestytter og skinande kvit marmor, at ordet »kristne« fyrst vart høyrte.

(Meir).